

Lag og organisasjonar kan søkje om følgjande tilskot:

1. **Starttilskot**
2. **Driftstilskot til anlegg for kultur- og fritidsaktivitet**
3. **Grunntilskot**
4. **Tilskot til kurs/konferanse**
5. **Tilskot til dekking av underskot ved arrangement**
6. **Retningsliner frieksemplar Forsand bøkene**
7. **Kultur- og miljøprisen «Ausekaret»**

Generelle kriterier som ligg til grunn for tildeling av kommunale kulturmidlar

- A Hovudregel er støtte til lag og foreiningar som er registrert i Forsand. I særlege tilfelle kan det vurderast å gje støtte til andre lag (t.d. interkommunale lag og liknande.) som gir tilbod som enkeltpersonar i Forsand elles ikkje ville fått tilbod om.
- B Aktivitetar for barn og unge er prioritert.
- C Kommersiell drift, lag eller aktivitetar som tek sikte på økonomisk vinning har ikkje rett til støtte.
- D Ingen lag/foreiningar kan få støtte frå meir enn ei kommunal ordning/post.
- E Lag/foreiningar som samlar inn midlar til velgjerande føremål utan å skapa allmenn kulturell aktivitet fell utanom støtteordninga.
- F Organisasjonar som har til oppgåve å ivareta medlemmene sine yrkesmessige eller økonomiske interesser fell utanom støtteordninga.
- G Organisasjonar som bare har vaksne medlemmer fell i utgangspunktet utanom ved ordinær tildeling av grunn- og eller driftstilskot. Dersom desse laga skipar opne kulturelle aktivitetar for ålmenta vil dei derimot ha høve til å søkja om aktivitetsstøtte/underskotsgaranti.
- H Minimumsutbetaling for dei ulike støtteordningane er kr.500.
- I Dersom løyvd støtte ikkje blir brukt i samsvar med retningslinene, kan dette medføre krav om tilbakebetaling.
- J Alle administrative vedtak har skriftleg klagerett.

Søknader om tilskot skal behandlast administrativt av leiar av kulturseksjonen i samsvar med vedtekne retningsliner.

Lokale frivillige lag og organisasjonar som bygge på individuelt medlemskap, som driv si verksemd og har sine medlemmer i Forsand kommune, kan søkje om tilskot til kulturtiltak. Det kan vurderast å gje støtte til andre lokale lag som driv interkommunalt.

Søknadsskjema på www.forsand.kommune.no. Det blir oppfordra til å søkje elektronisk.

1. **STARTTILSKOT**

- 1.1 Føremål med tilskotsordninga er at nyetablerte lag og organisasjonar skal få dekke sine kostnader fram til dei ev. kan søkja om grunntilskot. (jf. punkt A og J)
- 1.2 Nye lag og organisasjonar skal ha medlemskap, må dokumentera at dei har vald eit styre og oppretta bankkonto før utbetaling.
- 1.3 Ved etablering av nye lag og organisasjonar kan det gis eit tilskot på inntil kr.2000.
- 1.4 Søknadar blir behandla fortløpande

2. **DRIFTSTILSKOT TIL ANLEGG FOR KULTUR- OG FRITIDSAKTIVITET**

- 2.1 Årleg tildeling til aktive lokale lag og organisasjonar som driv eigne forsamlingshus.

- 2.2 Tilskotsordninga kan dekkja inntil 50 % av bokførte kommunale avgifter, straum og forsikring.
- 2.3 Kopi av bilag for betalte kommunale avgifter, straum, forsikring og rekneskap skal liggja ved søknaden.

Info om søknadsfrist blir sendt til alle registrerte lokale lag og organisasjonar som er aktuelle mottakarar av driftstilskot. I tillegg blir det annonser i Strandbuen og på Forsand kommune si nettside.

3. GRUNNTILSKOT

- 3.1 Årleg tildeling av grunntilskot skal gå til drift av aktive lokale lag og organisasjonar som driv ulike kulturaktivitetar.
- 3.2 Barn og unge er prioritert.
- 3.3. Revidert godkjent rekneskap for fjoråret, budsjettforslag for inneverande år og årsmelding skal liggja ved søknaden. Ev. behov for nyinvesteringar må grunngjevast.
- 3.4 Tildeling blir fordelt etter ei % satsordning der 50 % skjer etter reelle driftsutgifter/aktivitetsnivå, 10 % etter medlemstal og 40 % skjønn.

Info om søknadsfrist blir sendt til alle registrerte lokale lag og organisasjonar som er aktuelle mottakarar av grunntilskot. I tillegg blir det annonser i Strandbuen og på Forsand kommune si nettside.

4. TILSKOT TIL KURS OG KONFERANSE

- 4.1 Føremål med tilskotsordninga er å stimulera til leiarutvikling i barne- og ungdomsorganisasjonane. Med leiarutvikling meine ein skulering av lagets medlemmer og utdanning av leiarar og tillitsvalde.
- 4.2 Søknad før kursstart. Innsending av bilag; program, deltakarliste og rekneskap seinast 2 md. etter avslutta kurs/konferanse.
- 4.3 Det blir ikkje gitt tilskot til årsmøter, landsmøter og leiarverksemd og liknande.

Generelle kriterier som ligg til grunn for tildeling av tilskot for kurs og konferansar:

- 1. KURS/KONFERANSAR PÅ LOKALPLAN**
- 2. HELGEKURS/KONFERANSAR**
- 3. KURS/KONFERANSAR PÅ FYLKES-/DISTRIKTS-/KRETSPLAN**
Felles for punkt 1, 2 og 3:
Tilskot maks kr.300/stk. for inntil 3 personar frå kvart lag, avgrens opp til kr.900. Kurset skal vare minst 10 timar og ha minst 5 deltakarar.
- 4. KURS/KONFERANSAR PÅ LANDSPLAN**
Inntil 2 deltakarar frå same lag/foreining kan få dekkja maks tilskot kr.1200 pr.stk., avgrensa opp til kr. 2400. Kurset skal vare minst 2 dagar og ha minst 12 undervisnings-timar.
- 5. ANDRE TYPAR KURS/KONFERANSAR**
Det kan også søkjast om tilskot til andre typar kurs/konferansar som internasjonale dyrare kurs på lokal- og landsplan og liknande. Søknad om tilsegn må skje på førehand. Slike tilskot blir vurdert særskilt.
- 6. TILSKOT TIL VAKSENOPPLÆRING/STUDIEARBEID**
Lokale organisasjonar har rett til tilskot dersom dei mottar statlege midlar til kurs m.m. Det blir gitt kr.30 pr. kurstime for kurs arrangert i Forsand. Ev. reiseutgifter blir ikkje dekkja.

5. TILSKOT TIL DEKKING AV UNDERSKOT VED ARRANGEMENT

- 5.1 Føremål er at det lokalt skal bli arrangert eit breitt spekter av ulike kulturuttrykk i vår kommune.
- 5.2 Det kan løyvast eit underskotsgaranti eller tilskot til arrangement med kulturelle innhald som konsertar, teater, danseførestilling, litteraturarrangement og utstillingar m.m. Føresetnad er at arrangementet blir annonsert som ope arrangement for ålmenta.
- 5.3 Det blir ikkje gitt underskotsgaranti eller tilskot til arrangement som inngår som del av ordinær næringsverksemd. Offentlege festar, arrangement med økonomisk vinning har ikkje rett til støtte.
- 5.4 Søknad med kostnadsoversikt må vera mottatt før arrangementsdato. Ev. garanti/støtte blir utbetalt etter at arrangementet er avvikla og kulturkontoret har motteke rekneskapsoversikt. Frist for innsending av rekneskap er 2 md. etter at arrangementet er avvikla.

6. RETNINGSLINJER FOR FRIEKSEMPLAR AV FORSAND BØKENE

Vedtatt av kommunestyret 26. april 1990, sak 49/90.

- 6.1 Forsand bøkene blir gitt vederlagsfritt til sentrale regions- og landsdekkande institusjonar som arkiv, universitet, høgskule, museum og liknande som heilt eller delvis arbeidar innanfor fagkrinsane historie, og eller lokalhistorie og som er open for ålmenta.
- 6.2 Forsand bøkene blir gitt vederlagsfritt til barnehagar, skular, bibliotek og sosiale institusjonar i Forsand kommune.
- 6.3 Kulturleiar får fullmakt til å avgjere søknadar om frieksemplar. Ordførar har fullmakt til å dele ut Forsand bøkene i særskilde høve. Melding om utdeling av frieksemplar blir gitt straks til revisjonen og hovudutvalet for kultur.
- 6.4 Tvilspørsmål vedrørande tolking av retningslinjene blir avgjort av hovudutvalet for kultur.

7. KULTUR- OG MILJØPRISEN «AUSEKARET»

I kommunestyresak 18/92, med tilleggsending i k-sak 131/93 er det vedtatt følgjande statuttar

for kultur- og miljøprisen:

- 7.1 Forsand kommune kan annakvart år dele ut ein kultur- og miljøpris. Første gong i 2004, deretter 2006, 2008 osv. Prisen skal være ei påskjønning til ein person, eit lag eller andre som har utført eit særleg verdifullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Forsand kommune.
- 7.2 Kultur- og miljøprisen sin storleik blir fastsett i budsjett. Det er mulig å overføre beløpet. I tillegg blir det delt ut eit diplom (handkore ausekar) med prisvinnaren sitt namn på.
- 7.3 Prisen skal gjerast kjent ved oppslag, og skal delast ut av formannskapet etter forslag frå utvalet eller andre. Tildelinga skjer i samband med eit kulturarrangement på hausten. Dei siste åra har dette blitt gjort i kommunestyret sitt desembermøte.
- 7.4 Medlemmer av formannskapet kan ikkje få Forsand kommune sin kultur- og miljøpris i den perioden dei er innvald i utvalet.